

## Notat

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

**Frå:** Fylkesdirektøren

### Regional plan for kultur - innspel frå hovudutvalet - drøfting

Regional plan for kultur skal leggjast fram til politisk handsaming 30./31.mai. Fylkesutvalet skal då gjere utleggingsvedtak, og planen vert sendt på høyring.

Vi er no inne i ein fase der vi skal formulere tekstdokumentet, og vil i den samanheng utfordre hovudutvalet som referansegruppe for planarbeidet til å komme med innspel.

Vedlagt følgjer ein presentasjon som vart lagt fram for administrativ styringsgruppe 12.april. dei skisserte utfordringane og forslag til kva som bør gjerast, byggjer på innspel og drøftingar gjennom heile prosessen frå den starta opp for ca eitt år sidan og fram til no. Fylkesdirektøren gjer merksam på at dette er arbeid som er i prosess, og at vi førebels ikkje har gjort naudsynte sorteringar/prioriteringar.

Sjølve planutkastet skal vere ferdig rundt 10.mai, og dette møtet er såleis siste høve hovudutvalet har til å komme med innspel før ferdigstilling av høyringsutkastet. Det skal også lagast eit fire-årig handlingsprogram, og det som i presentasjonen er omtalt som «kva bør gjerast» vil nok i hovudsak bli slusa inn dit.

Fylkesdirektøren utfordrar hovudutvalet til å gi innspel på følgjande:

- Korleis ser utvalet på dei sentrale utfordringar for kulturlivet i Sogn og Fjordane, og kva kan/bør gjerast på dei ulike områda?
- Korleis definerer og konkretiserer vi kulturelle kraftsenter/fyrtårn meir utfyllande (i forhold til det vi har sagt i planprogrammet)?
- Kva verkemiddel kan/vil fylkeskommunen legge til grunn for realisering av planen/tiltak?